

Vest-Agder fylkesmannssembete - arkivsaker.

Går med vedlegg attende til Justisdepartementet.

Ein viser til påteikning ovanfor frå statsarkivaren i Kristiansand.

Riksarkivaren har ikkje noko imot at fylkesmannen i Vest-Agder får senda inn til Statsarkivet i Kristiansand opp til 50 hyllemeter arkivsaker. Men ein viser til at det i rundskriv frå departementet 30. november 1934 vart sett ei tidgrense ikring 1910 for arkivsaker som kunne sendast inn til Statsarkivet i Kristiansand. Riksarkivaren meiner at tidgrensa i dette høvet ikkje bør setjast lenger fram enn til ikring 1935 for dei vanlege sakene i fylkesmannsarkivet. For slike nyare saker frå krigstida som fylkesmannen nemner i brevet ll. d. m. under punkt III c og IV, kan det gjerast unnatak så framt det ikkje fører til at den samla mengd av arkivsaker som skal sendast inn, vert meir enn dei 50 hyllemeter som Statsarkivet har plass til no.

Ein er samd med statsarkivaren i at arkivsaker nemnde under punkt III c og e ikkje bør kasserast. Spørsmålet om kassering av arkivsaker nemnde under punkt IV bør avgjerast etter framlegg frå statsarkivaren etter at han har sett på sakene. Til punkt II g nemner ein at det ikkje fins lov-hjelmel for å kassera manntal eller anna valmateriale eldre enn 1949. Til framlegget om kassering av prent har ein ingen merknad å gjera.

Nokon serskild regel for dette fylkesmannsarkivet om kva saker publikum skal få nytta på lesesalen, er det truleg ikkje grunn til å gje. Men ei fråsegn frå fylkesmannen kunne vera til rettleiing.

Riksarkivet, Oslo, 25. august 1954.

A. St.

h. R.